



**Administrativt delegeringsreglement
for
Fyresdal kommune**

24.05.17
Endra etter kommunestyrevedtak 97/15 – 26.11.15

Innhold

A. Innleiing	3
B. Mynde etter lovar	5
Delegering frå kommunalsjefane, etter lovar/forskrifter	12
C. Særskilt mynde	14
1. Kommunestyret har gjeve administrativt forhandlingsutval fullmakt/mynde i følgjande saker.	14
2. Kommunestyret har gjeve rådmannen fullmakt/mynde i følgjande saker.	14
3. Delegering frå kommunalsjefane.	16
Administrativt økonomireglement i Fyresdal kommune	17

A. Innleiing

Definisjon – generelt om delegert avgjerdsrett

Delegering tyder: Eit overordna organ, t.d. kommunestyret, kan gje eit underordna organ, t.d. eit fast utval, fullmakt til å treffe avgjerder i nærare nemnde saker. Organet overfører myndigheit av ein art som det sjølv har.

Det rettslege innhaldet i eit vedtak om delegering er at den ein delegerer til, kan treffe avgjerder innan rammene for vedtaket på vegner av det organet som delegerer.

Delegering av myndigheit inneber ikkje at ein seier frå seg myndigheit. Den myndigheit som blir delegert kan når som helst takast tilbake.

Det organet som delegerer kan òg fastsetje retningslinjer for korleis myndigheita skal bli utøvd. Organet kan dessutan gripe inn i einskildsaker, og innanfor rammene til Forvaltningslova (fvl) gjere om vedtak gjort av underordna organ (fvl § 35).

Kommunelova § 6 seier at kommunestyret er det øvste kommunale organet. Det gjer vedtak på vegner av kommunen så langt ikkje anna fylgjer av lov eller vedtak om delegering. Kommunestyret har all kompetanse som ikkje positivt er lagt til andre organ i kommunen. Dette krev at det blir gitt fridom til å delegerer til underordna organ. § 6 inneber at kommunestyret kan leggje myndigheit til underordna folkevalde organ og til administrasjonen.

Stor fridom til å delegerer myndigheit til underordna folkevalde organ og administrasjonen er ein føresetnad for politisk heilskapleg styring i kommunen. Eit kommunalt folkevald organ kan gi rådmannen fullmakt til å treffe vedtak i einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell tyding. Ei sak blir rekna som "ikkje prinsipiell" når det ligg føre lover, retningslinjer e.l. for korleis ho skal handsamast, og/eller det er praksis frå handsaming av tilsvarande saker. All delegering frå kommunestyret til administrasjonen skjer gjennom rådmannen.

All delegert avgjerdsrett blir å utøve etter lover og føresegner, samt retningslinjer gitt av overordna organ innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader.

Reglane om delegering i økonomireglement og finansreglement for Fyresdal kommune, er ein del av dette delegeringsreglementet.

Attendekalling av fullmakt og rett til ikkje å gjere bruk av delegert avgjerdsrett i einskilde høve

I medhald av delegert avgjerdsrett kan eit overordna organ krevje å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming. På same måte kan organ som har avgjerdsrett i ei sak velje å ikkje gjere bruk av delegert avgjerdsrett i einskilde tilhøve, men overlate til overordna organ å gjere vedtak i saka.

Klage

Partar og andre som har rettsleg klageinteresse, har høve til å klage på enkeltvedtak gjort i medhald av delegert fullmakt av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, jfr fvl § 28. Tilsetjings saker kan likevel ikkje klagast på, jfr fvl § 3, 2.ledd.

Med mindre særlov fastset noko anna, er formannskapet klageinstans for enkeltvedtak gjort av rådmannen. I dei høve formannskapet gjer enkeltvedtak som blir klaga på, er kommunestyret klageinstans. Når kommunestyret sjølv treff vedtak som fyrsteinstans, skal klaga sendast til statleg organ for avgjerd, jfr fvl § 28, 2.ledd. (Sjå elles forvaltningslova kap VI om reglar for handsaming av klager.)

Med mindre reglementet fastset noko anna, får dei organ som har fått fullmakt til å treffe avgjerder direkte frå kommunestyret, også fullmakt til å fungere som underinstans i klagesaker ved enkeltvedtak.

I dei høve desse organa vidaredelegerer myndigheit til å treffe avgjerder til leiaren for organet eller til administrasjonen, må myndigheit til å vere underinstans uttrykkeleg fylgje vedtak om delegering, viss ikkje er det organet sjølv som er underinstans.

Rådmannen kan ikkje delegerer vidare fullmakta til å fungere som underinstans i klagesaker til andre i administrasjonen.

Delegering av mynde til å vere underinstans i klagesaker stansar ved rådmannen.

Alle klagesaker skal refererast i kommunestyret.

Mindretalsanke

I saker der eit utval har fullmakt frå kommunestyret til å gjere endeleg vedtak, kan 2 medlemmer, ordførar eller rådmann, innan møtet er slutt, krevje saka lagd fram for kommunestyret. Ankeadgangen for ordførar og rådmann kan vidaredelegerast.

Ordføraren kan vidaredelegere til varaordføraren og rådmannen kan vidaredelegere til kommunalsjefane.

Det er i samanheng med klagesaker ikkje høve til å nytte mindretalsanke ved andre gongs handsaming i underinstansen.

Vedtaka fatta i administrasjonsutvalet kan av det enkelte medlem av utvalet, ordføraren, rådmannen eller den som møter i deira stad, ankast inn for overordna organ. Krav om anke må fremmast innan møte er slutt, og protokollerast.

Kontroll av om eit vedtak er lovleg

I medhald av kommunelova § 59 nr 1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjerd gjort av folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll om avgjerda er lovleg. Ved slik kontroll skal det takast stilling til om avgjerda er:

- innhaldsmessig riktig
- gjort av nokon som har myndigheit til å treffe slik avgjerd
- blitt til på lovleg måte

Departementet sin myndigheit til å avgjere klage på om eit vedtak er lovleg, er delegert til fylkesmannen innanfor dei respektive fagområda, jfr rundskriv H-25/92 frå kommunaldepartementet

Melding til formannskapet, utvala og kommunestyret

Det skal rapporterast til overordna organ om administrative avgjerder fatta i medhald av delegeringsreglementet.

Rapportar/pålegg og liknande frå offentlege tilsynsorgan skal leggjast fram for det politiske organ som har mynde/ansvar innan aktuelle ansvarsområde.

Revidering/evaluering av administrativt delegeringsreglement

Politisk delegeringsreglement skal ha ein hovudgjennomgang det andre året i kvar valperiode for kommunestyre. Administrativt delegeringsreglement skal reviderast i etterkant av det politiske delegeringsreglementet.

Delegering til rådmannen

Reglane i kommunelova inneber at all delegering frå folkevalde organ skal stilast til rådmannen.

I høve til folkevalde organ er det rådmannen som er ansvarleg for all administrativ handsaming av saker og har den formelle innstillingsrett til alle politiske organ i kommunen.

Dette reglementet gjeld dei fullmakter rådmannen har delegert vidare til kommunalsjef, og med vidaredelegering frå kommunalsjef. Rådmannen kan delegere rett til IKS, vertskommunesamarbeid, NAV og næringsjef.

Kommunen har eit generelt ansvar for å utføre oppgåvene etter lovene som ikkje er lagde til fylkeskommunen eller eit statleg organ.

Sakshandsaming

Alle sakshandsamarar som skriv vedtak som er delegert, skal bruke malen i sak/arkiv systemet som heiter delegert sak.

B. Mynde etter lovar

§	Kommuneloven av 25.09.92 nr. 107	Delegering til og om:
23 nr.4	Delegert avgjerd til rådmann	Fullmakt til å treffe avgjerd i einskildsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell art. Når ein ny type sak kjem opp – som reglementet ikkje seier noko om må det bli teke stilling til om avgjerda kan delegerast. Ynskjer k-styret å delegere, blir det ført inn i reglementet. Rådmannen får delegert mynde til å fastsetje møtedatoar der dette er naudsynt.

§	Alkoholova av 02.06.89	Delegering til og om:
1-7c	Skifte av styrar	Rådmannen får fullmakt til å godkjenne skifte av styrar og nestansvarleg. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
4-4	Utviding av skjenketid	Rådmannen får fullmakt til å gjere vedtak om utviding av skjenketid og utviding av skjenkelokale for <u>eit</u> <u>einskild høve</u> . Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
4-5	Ambulerande skjenkeløyve	Rådmannen: Til slutta lag Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester

§	Arbeidsmiljølova	Delegering til og om:
10-2 (4)	Arbeidstidsordningar	Rådmann: Avgjerd om rett til redusert arbeidstid. Vidaredelegert: Kommunalsjefane

§	Lov om barn og foreldre av 08.04.81 nr. 7	Delegering til og om:
45	Foreldreansvar, samværsrett	Rådmannen har fullmakt til å gje fråsegn i spørsmål om foreldreansvar og samværsrett. Vidaredelegert: Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark v/ rådmannen i Kviteseid

§	Barnehagelova av 17.06.05 nr. 64 med forskrifter og departementets merknader	Delegering til og om:
17, 18 Forskr §1	Dispensasjonar på kvalifikasjonar	Rådmannen er gitt mynde til å gi midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet til styrar og pedagogisk bemanning. Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst
8, 16	Kommunen som barnehagemynde i høve ansvar om tilsyn	Rådmannen er gitt mynde i høve kommunens ansvar og tilsyn med barnehage Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst
7	Barnehageeigars ansvar	Drive verksemda i samsvar med gjeldande lovar og reglar Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst

§	Barnevernlova av 17.07.92 nr.100	Delegering til og om:
2.1	Ansvarsfordeling	Rådmannen har avgjerdsmynde i alle klientsaker som ikkje høyrer inn under Fylkesnemnda. Vidaredelegert: Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark v/ rådmannen i Kviteseid

§	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker av 14.06.02 med tilhøyrande forskrifter	Delegering til og om:
9	Kommunens plikter og ansvar	Rådmannen har ansvar for å overhalde plikter og ansvar. Vidaredelegert: Brannsjefen i Vest-Telemark

§	Lov om eigedsregistrering av 17.06.06 nr.101 Matrikkellova	Delegering til og om:
5a	Ansvar	Rådmannen: Avgjerdsrett i samsvar med lova og føresegner til denne. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	<i>Forskrift for eigedsregistrering (matrikkelforskrifta)</i>	

§	Lov om film og videogram Av 15.05.08 nr.21	Delegering til og om:
2	Framsying av film	Rådmannen har mynde til å gje løyve til framsying og omsetnad av film eller videogram i næring. Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst

§	Folkehelseloven av 24.06.11 nr. 29	Delegering til og om:
Kap.3	Miljøretta helsevern	Rådmannen har myndigheit innan miljøretta helsevern. Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg
16	<i>Forskrift om vassforsyning og drikkevattn m.m. av 04.12.01</i>	Rådmannen: Fører tilsyn og fattar vedtak etter folkehelseloven for å gjennomføre bestemmelsane gjeve i medhald av denne forskrifta i samsvar med folkehelseloven §§ 8, 9 og 14. Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg

§	Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.03.81 nr. 6	Delegering til og om:
26, 3.ledd 30, 2.og 3.ledd 34	Innsamling av avfall og slam	Rådmannen: Avgjersrett etter kommunal forskrift for renovasjon og septik. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	Avlaupsforskrifta 12.04.00 § 12	Rådmannen: Avgjersdsrett når det gjeld løyve til utslepp frå separate avlaupsanlegg m.m. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	§ 13	Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	"Gjødsselforskrift" av 04.07.03 nr. 951	Rådmannen: Får fullmakt til å handheve forskrift om gjødselsvarer av organisk opphav. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Friluftslova av 28.06.57 nr. 16	Delegering til og om:
40	Stans i arbeid	Rådmannen: Stanse arbeid som er påbegynt i strid med forbod eller påbod etter lova, krevje fjerna heilt eller delvis byggverk, stengsel, annan innretning, skilt eller kunngjering som er i strid mot forbod eller pålegg. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Helse og omsorgstenesteloven av 24.06.2011 nr. 30	Delegering til og om:
Kap.11 § 11-2	Vederlag for helse og omsorgstenester <i>Forskrift Vederlag for tenester i institusjon</i>	Rådmannen: I saker der storleiken på vederlaget blir fastsett av departementet i forskrifter. Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg og NAV v/leiar innafor sine arbeidsområde.
Kap 3 3-2	Støttekontakt, praktisk bistand, omsorgslønn, avlasting	Rådmannen Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg

§	Lov om hundehold av 07.04.03 nr. 74	Delegering til og om:
6 f)	Sikring av hund ved bandtvang	Rådmannen får fullmakt til å gi forskrift om ekstraordinær bandtvang for å beskytte viltet under ekstraordinære tilhøve. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Lov om Husbanken av 29.05.09 m/føresegner	Delegering til og om:
1	Formidle stønad	Rådmannen: I saker som gjeld utbetningslån og startlån etter husbanken sine reglar og fråsegn. Vidaredelegert: NAV

§	Jordlova av 12.05.95 nr. 23	Delegering til og om:
9 og 12	Omdisponering og frådeling av enkelttomter, både bebygde og ubebygde, inntil 2 daa	Rådmannen. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	Alle forskrifter heimla i jordlova	Rådmannen. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Matlova av 19.12.03 nr.124	Delegering til og om:
	<i>Forskrift om plantevernmidlar av 26.07.04 nr 1138</i>	Rådmannen. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.77 nr.82 og forskrifter	Delegering til og om:
3 og 5	Forbod og generell løyve	Rådmannen: Avgjerdsmyndigheita etter §§ 3 og 5 i nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vatn (1990). Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
6	Lokal forskrift for Fyresdal kommune trådt i kraft 01.01.86	Rådmannen: Avgjerdsmynde på søknader etter pkt. d i føreskrifta om landing og start med fly i område som ikkje kjem inn under 5b. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Odelsova av 28.06.74 nr. 58	Delegering til og om:
63	Pålegg om utrekning og blinking	Rådmannen: Får fullmakt til blinking og utrekning av verdiauken av tilveksten. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Opplæringslova av 17.07.98 nr.61 og forskrift 01.08.06	Delegering til og om:
2-1	Skulestart	Rådmannen får mynde til å avgjere om eit barn får ta til på skulen eit år før eller eit år seinare enn det kalenderåret barnet fyller 6 år. Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst
13-10	Ansvaret for at krava i opplæringslova blir fylgt	Rådmannen får delegert mynde i alle saker som ikkje er av prinsipiell verdi. Kommunestyret får orientering kvart år i mars jmf. Lokalt System for kvalitetsvurdering. Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst

§	Plan- og bygningslova av 27.06.08 nr. 71	Delegering til og om:
2-1 og 2. ledd	Sørgje for at det ligg føre eit oppdatert, offentleg kartgrunnlag for dei føremål som omhandlast av lova	Rådmannen Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
11-17	Mindre endringar av kommuneplanen sin arealdel	Rådmannen – små endringar Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
12-3	Handsame regulerings spørsmål	Rådmannen Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
12-14, 2. ledd	Små endringar av reguleringsplan	Rådmannen Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
19	Dispensasjonsmynde	Rådmannen enklare dispensasjonar i byggesaker og reguleringsplanar. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
Fjerde del 20-33	Vedtak i einskildsaker	Rådmannen får fullmakt til å fatte vedtak i einskildsaker etter lova. Dette gjeld med unntak av dei avgjerdene som ikkje kan delegerast, eller det som er delegert til andre. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Lov om serveringsverksemd av 13.06.97 nr. 55	Delegering til og om:
4	Dagleg leiar	Rådmannen. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
9	Innhenting av fråsegn	Rådmannen får fullmakt til å innhente fråsegn frå politiet eller andre offentlege myndigheitar. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
15, 4. ledd	Utviding av opningstid	Rådmannen får fullmakt til ved einskilde høve å gi løyve til å lukke seinare eller opne tidlegare enn til dei tider som er fastsett av kommunen. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
22, 4. ledd	Nytt løyve	Rådmannen får fullmakt til å i særlege høve gi utsetjing med innsending av søknad om nytt løyve ved overdraging av serveringsstad. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
24	Løyve ved dødsfall	Ved løyvehavar sin død får rådmannen fullmakt til å gi dødsbuet løyve til drift utover fristen. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester

§	Skogbrukslova av 27.05.05 nr.31	Delegering til og om:
6, 3. ledd	Pålegg	Rådmannen får fullmakt til å gi fråsegn i fylgjande sak: Pålegg om skogkultur, jfr § 6, 3.ledd Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
8, 2. ledd	Forbod	Rådmannen får fullmakt til å gi fråsegn i fylgjande sak: Forbod mot hogst jfr § 8, 2.ledd Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	<i>Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksføremål(1996)</i>	Rådmannen opprusting av vegar til landbruksføremål når vegtrasè ikkje skal endras. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18.12.2009 nr.131	Delegering til og om:
Kap 4	Individuelle tenester	Rådmannen Vidaredelegert: Nav

§	Straffelova av 22.05.02 nr. 10	Delegering til og om:
79, 5.ledd	Krevje påtale	Rådmannen: Krevje påtale for straffbare handlingar (innbrot, hæververk på kommunal eigedom og liknande) mot kommunen.

§	Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.12 nr.12	Delegering til og om:
3	Vass- og avløpsgebyr	Rådmannen: Krevje inn vass- og avløpsgebyr til kommunen. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester

§	Veglova av 21.06.63 nr. 23	Delegering til og om:
	Ikkje-prinsipielt eller ved hast	Rådmannen: Kan fungere som kommunen si vegstyresmakt i alle saker som ikkje er av prinsipiell art eller i saker der det er viktig å få ei rask avgjerd. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
56	Samtykke og avgift	Rådmannen: Gje samtykke for innkreving av bompengar på privat veg, fastsetje bompengar for ferdsel på privat veg og kan setje vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk

§	Vegtrafikklova av 18.06.65 nr. 4	Delegering til og om:
5	Skiltmynde	Rådmannen: Fungere som kommunen sin skiltmyndigheit Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	<i>Forskrift av 07.10.05 om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikklyssignaler og anvisning (skiltforskriften)</i>	Rådmannen. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
		Rådmannen: Hindre trafikk på kommunale vegar

7	Hindre trafikk	dersom særlege tilhøve tilseier det. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk
	<i>Forskrift av 15.03.94 om parkering for forflytningshemmede i medhold av vegtrafikklova</i>	Rådmannen: Fullmakt til å avgjere søknader om parkeringsløyve for forflytningshemma i samsvar med forskrifta. Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg
§	Lov om vern mot tobakkskader av 09.03.73 nr.14	Delegering til og om:
13	Kontroll	Rådmannen får fullmakt til å utøve kontroll med serveringsstadene etter tobakkskadelova Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg

Delegering frå kommunalsjefane, etter lovar/forskrifter

Sektor for økonomi og fellestenester

Arbeidsmiljølova §10-2 (4)	Avgjer om rett til redusert arbeidstid. Vidaredelegert: Avdelingsleiar
-----------------------------------	--

Sektor for helse og omsorg

Arbeidsmiljølova §10-2 (4)	Avgjer om rett til redusert arbeidstid. Vidaredelegert: Avdelingsleiarar
Helse og omsorgstenesteloven av 24.06.2011 nr. 30	Vederlag for tenester sett i forskrift av departementet. Vidaredelegert: Avdelingsleiarar Støttekontakt, praktisk bistand, omsorgslønn, avlasting. Vidaredelegert: Pleie og omsorgsleiar
Folkehelseloven av 24.06.11 nr. 29, kap 3	Mynde innan miljøretta helsevern. Vidaredelegert: Kommunelege
Forskrift om vassforsyning og drikkevattn m.m av 04.12.01	Føre tilsyn og fatte vedtak etter folkehelseloven for å gjennomføre bestemmelsane gjeve i medhald av denne forskrifta i samsvar med folkehelseloven §§ 8,9 og 14. Vidaredelegert: Kommunelege
Forskrift av 15.03.94 om parkering for forflytningshemmede i medhold av veggtrafikklova	Avgjere søknader i samsvar med forskrifta. Vidaredelegert: Tenestekontoret

Sektor for kultur og oppvekst

Arbeidsmiljølova §10-2 (4)	Avgjer om rett til redusert arbeidstid. Vidaredelegert: Avdelingsleiarar
Opplæringslova av 17.07.98 nr.61 og forskrifter 01.08.06	Avgjersle om eit barn får ta til på skulen eit år før eller eit år seinare enn det kalenderåret barnet fyller 6 år. Vidaredelegert: Rektor på Gimle skule

Sektor for plan og teknikk

Arbeidsmiljølova §10-2 (4)	Avgjer om rett til redusert arbeidstid. Vidaredelegert: Avdelingsleiarar
Lov om eigedomsregistrering av 17.06.06 nr.101 Matrikkelova	Avgjerdsrett i samsvar med lova og føresegner til denne. Vidaredelegert: Avdelingsingeniør oppmåling
Lov om vern mot Forureiningar og om avfall av 13.03.81 nr. 6 26 3.ledd, 30 2.og 3.ledd, 34	Avgjerdsrett etter kommunal forskrift for renovasjon og septik. Vidaredelegert: Konsulent plan og teknikk
<i>Forskrift av 04.07.03 nr.951</i>	Fullmakt til å handheve forskrift om gjødselsvarer av organisk opphav. Vidaredelegert: Rådgjevar landbruk
<i>Avlaupsforskrifta 12.04.00 § 12</i>	Løyve til utslepp frå separate avlaupsanlegg. Vidaredelegert: Avdelingsingeniør oppmåling
Jordlova av 12.05.95 nr. 23, §§ 9 og 12	Omdisponering og frådelling av enkelttomter, både bebygde og ubebygde, inntil 2 daa Vidaredelegert: Rådgjevar landbruk
<i>Alle forskrifter heimla i jordlova</i>	Vidaredelegert: Rådgjevar landbruk
Plan- og bygningslova av 27.06.08 §§ 2 1. og 2.ledd, 11-17, 12-3, 12-14 2.ledd, 19	Sørgje for oppdatert offentleg kartgrunnlag Mindre endringar av kommuneplanen sin arealdel Behandle regulerings spørsmål. Små endringar av reguleringsplan. Enklare dispensasjonar i byggesaker og reguleringsplanar. Vidaredelegert: Senioringeniør plan og teknikk
Plan- og bygningslova av 27.06.08 nr. 71	Fullmakt til å fatte vedtak i einskildsaker etter lova. Vidaredelegert: Konsulent plan og teknikk
Vegtrafikklova av 18.06.65 nr. 4, 5 og 7	Kommunen sin skiltmyndighet. Hindre trafikk på kommunale vegar dersom særlege tilhøve tilsei det. Vidaredelegert: Prosjektleiar plan og teknikk
<i>Forskrift av 07.10.05, skiltforskriften</i>	Vidaredelegert: Prosjektleiar plan og teknikk
Lov om hundehald av 07.04.03 nr.74	Bandtvang Vidaredelegert: Skogbrukssjefen
Matlova av 19.12.03 nr. 124. <i>Forskrift om plantevernmidlar av 26.07.04 nr. 1138</i>	Vidaredelegert: Rådgjevar landbruk
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.77 nr.82, § 3 og 5 og forskrifter	Vidaredelegert: Skogbrukssjefen
Skogbrukslova av 27.05.05 nr.31 § 6, 3.ledd og 8, 2.ledd og <i>forskrift om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksføremål</i>	Gje fråsegn om pålegg om skogkultur og om forbod mot hogst. Opprusting av vegar til landbruksføremål når vegtrasè ikkje skal endras. Vidaredelegert: Skogbrukssjefen
Veglova av 21.06.63 nr. 23 § 56	Gje samtykke for innkrevjing, fastsetjing av bompengar, vilkår om bruk av avgiftsmidlane. Vidaredelegert: Skogbrukssjefen

C. Særskilt mynde

1. Kommunestyret har gjeve administrativt forhandlingsutval fullmakt/mynde i følgjande saker.

- Rådmannen oppnemner eit administrativt forhandlingsutval.
- Det administrative forhandlingsutvalet arbeider etter retningsliner gjeve av det politiske forhandlingsutvalet. Medlemene av utvalet skal ikkje omfattast av forhandlingar etter kap. 4 eller kap. 5. Reglane om kjønnskvoltering bør gjelde.
- Administrativt forhandlingsutval har fullmakt til å gjere endelege avtaler om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med lover og reglar innanfor gjeldande budsjettammer.
- For tilsette som ikkje er medlem i nokon arbeidstakarorganisasjon kan utvalet avgjere løns- og arbeidsvilkår i samsvar med lover og reglement.

2. Kommunestyret har gjeve rådmannen fullmakt/mynde i følgjande saker.

Ikkje lovfesta:	<ul style="list-style-type: none">➤ Fullmakt til å godkjenne bruk av konsulent/faghjelp der dette er turvande, innafor gjeldande budsjettamme.➤ Fullmakt til å godkjenne bortleige av kommunale bustader, ordinære og omsorgsbustader, samt seie opp leigeforhold. Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk / Kommunalsjef helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none">➤ Fullmakt til å avgjere om ein skal fråfalle prioritet for lån når dette ikkje fører med seg risiko for tap for kommunen. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
	<ul style="list-style-type: none">➤ Fullmakt til å ettergje/setje ned kommunale krav på inntil kr 10 000,- enkelt krav pr kreditor. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
	<ul style="list-style-type: none">➤ Fullmakt til å fordele tilskot til trus- og livssynssamfunn i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningsliner, fastsett av departementet. Vidaredelegert: Kommunalsjef økonomi og fellestenester
	<ul style="list-style-type: none">➤ Fullmakt til å handsame søknader om tilskot til særskilte oppgåver og tiltak. Beløp under kr 10 000,-. Vidaredelegert: Kommunalsjef kultur og oppvekst

<p>Innan ADMU sitt ansvarsområde:</p>	<p>Fullmakt til å gjere vedtak i alle tilsettingar og oppseiingssaker, etter vedtekne retningslinjer frå kommunestyret, unnateke er tilsetting i rådmannsstillinga og kommunalsjefstillingar.</p> <p>Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i alle saker innan arbeidsområdet til administrasjonsutvalet der det etter kommunelova er høve til å delegerere til rådmannen og som blir rekna som av "ikkje - prinsipiell karakter".</p> <p>Eksempel på saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Fastsetjing av løn og lønnsansiennitet ved nyttilsettingar / engasjement etter gjeldande reglar, innafor budsjetttrammene. <p>Vidaredelegert: Tilsettingsutval jmf. Tilsettingsreglement</p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Mellombels lønshøgning for einskilde arbeidstakarar innanfor budsjetttrammene, og omgjering/omdisponering av heimlar innanfor stillingsrammene. <p>Vidaredelegert: Kommunalsjefane</p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Myndigheit til å endre budsjett, jfr. økonomireglement, tilsetjing av arbeidstakarar i sysselsetjingsprosjekt, gje permisjonar etter permisjonsreglementet og påskjøning av tilsette etter personalpolitiske retningslinjer. <p>Vidaredelegert: Kommunalsjefane</p>
<p>Innan AMU sitt ansvarsområde:</p>	<p>Rådmannen har rett til å peike ut arbeidsgjevar sine representantar.</p>
<p>Kommunale vedtekter</p>	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Kan treffe avgjerd i saker som har med overføring av skogfond mellom kommunar å gjere. <p>Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk</p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Får fullmakt til å tildele tilskot etter "Reglar for tilskot i Fyresdal kommune" <p>Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk</p>
<p>Anna delegering til rådmannen:</p>	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Får fullmakt til praktisering av reglar for skogfond og lokale rentemidlar. ➤ Får fullmakt til å godkjenne vegplanar etter "<i>forskrifter om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål (1996)</i>" om høyringsinstansane ikkje har innvendingar mot planen. ➤ Får fullmakt til å tildele fellingsløyve for rådyr og bever. ➤ Får fullmakt til å tildele fellingsløyve for skadebever. <p>Desse punkta er vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk</p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Får fullmakt til godkjenning av forpaktingskontraktar/avtaler. ➤ Får fullmakt til å gje fråsegner til søknader om investeringstilskot og lån frå staten (Innovasjon Norge) til bruksutbygging. <p>Vidaredelegert: Kommunalsjef plan og teknikk</p>
<p>Retningslinjer for "Transporttjenesten for funksjonshemmede (TT) i Telemark"</p>	<p>Fullmakt til å avgjere søknader om transportordningar for funksjonshemma i samsvar med retningslinjene.</p> <p>Vidaredelegert: Kommunalsjef helse og omsorg</p>

3. Delegering frå kommunalsjefane.

Ikkje lovfesta:

- Fullmakt til å godkjenne bortleige av kommunale bustader, ordinære og omsorgsbustader, samt seie opp leigeforhold.
**Vidaredelegert: Omsorgsbustader; tenestekontoret
Ordinære utleigebustader; konsulent plan og teknikk**
- Handsame søknader om tilskot til særskilte oppgåver og tiltak.
Beløp under kr 10 000,-.
Vidaredelegert: Kulturkonsulent
- Fordele tilskot til trus- og livssynssamfunn i samsvar med retningslinjer fastsett av departementet.
Vidaredelegert: Avdelingsleiar fellestenester

Innan ADMU sitt ansvarsområde:

- Myndighet til å endre budsjett, jfr. økonomireglement, tilsetjing av arbeidstakarar i sysselsettingsprosjekt, gje permisjonar etter permisjonsreglementet og påskjøning av tilsette etter personalpolitiske retningslinjer.
Vidaredelegert: Avdelingsleiarar i alle sektorar (ikkje alle permisjonar jmf. PPR)
- Fullmakt til å tildele tilskot etter "Reglar for tilskot i Fyresdal kommune",
-private vegar
Vidaredelegert: Prosjektleiar plan og teknikk

Kommunale vedtekter:

- Kan treffe avgjerd i saker som har med overføring av skogfond mellom kommunar å gjere.
Vidaredelegert: Skogbrukssjefen

Anna delegering til rådmannen:

- Får fullmakt til praktisering av reglar for skogfond og lokale rentemidlar.
- Får fullmakt til å godkjenne vegplanar etter "*forskrifter om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål (1996)*" om høyringsinstansane ikkje har innvendingar mot planen.
- Får fullmakt til å tildele fellingsløyve for rådyr og bever.
- Får fullmakt til å tildele fellingsløyve for skadebever.
Desse punkta er vidaredelegert: Skogbrukssjefen
- Får fullmakt til godkjenning av forpaktingskontraktar/avtaler.
- Får fullmakt til å gje fråsegner til søknader om investeringstilskot og lån frå staten (Innovasjon Norge) til bruksutbygging.
Vidaredelegert: Rådgjevar landbruk
- Retningslinjer for "Transporttenesten for funksjonshemmede (TT) i Telemark"
- Fullmakt til å avgjere søknader om transportordninga i samsvar med retningslinjene.
Vidaredelegert: Tenestekontoret

Administrativt økonomireglement i Fyresdal kommune

Del av det administrative delegeringsreglementet

BUDSJETTJUSTERINGAR

1. Rådmannen si fullmakt til å gjere budsjettendringar delegerast vidare til kommunalsjefane.
2. Fellestenesta utarbeider rapport i samarbeid med kommunalsjefar og avdelingsleiarar, til formannskapsmøte ei gong i månaden der budsjettendringar som blir gjort på grunnlag av administrativ fullmakt skal førast på.
3. Kommunalsjefane skriv politisk sak til formannskapet pr 1.mars, 1.mai, 1.sept og 1.nov. Kommunalsjef økonomi og fellesteneste skriv politisk sak til kommunestyret pr 1.mai, 1.sept, 1.nov og ved behov, med grunnlag i sakene frå formannskapet.

BESTILLING OG ATTESTASJON

1. Alle innkjøp skal gjerast innafor regelverket for offentlege innkjøp. Der det er innkjøpsavtaler skal desse nyttas. Lista over innkjøpsavtaler ligg på intranett. Ved kvart kjøp/bestilling skal det opplysast om ressursnummeret til avdelingsleiaren.
2. Før faktura blir attestert skal den som attesterer kontrollere at det er samsvar mellom bestilling, levering og faktura.
3. Faktura blir scanna inn i Agresso og avdelingsleiar/attestant må behandle fakturaen her. Den til ei kvar tid gjeldande kontoplan skal nyttast.
4. Same person skal **ikkje** både attestere og tilvise.

TILVISNING (DISPOSISJONSRETT)

1. Rådmannen delegerer tilvisningsrett til kommunalsjefane. Ved fråvær går tilvisningsretten til rådmannen.
2. Tilvisning gjerast i Agresso. Tilvisningsrett gjev fullmakt til å utbetale eller sende krav om innbetaling av kommunale midlar innan sitt ansvarsområde. Alle utbetalningar skal ha tilfredstillande dokumentasjon.
3. Ingen kan tilvise utbetalningar til seg sjølv, nær familie eller til sine overordna. Ordførar og rådmann tilviser utbetalningar til kvarandre.

UTLEIGE, SAL OG UTRANGERING

1. Dei same personane som har tilvisningsrett godkjenner utleige, sal og utrangering.
2. Dersom inventar og utstyr skal seljast er det den budsjettansvarlege som bestemmer korleis dette skal gjennomførast.

REISEREKNINGAR

1. Kommunens reiseregulativ (SGS 1001) gjeld for alle kommunalt tilsette og folkevalde.
I tillegg gjeld reglane i økonomireglementet.
2. Tenestedistrikt er innanfor Fyresdal kommune. Det blir ikkje gjeve kostgodtgjersle innanfor eige tenestedistrikt.
3. Reiserekningar skal som hovudregel sendast inn for utbetaling kvar månad.
Refusjon for utlegg blir gjeve ved levering av originalbilag.
Tilsette som har tilgang på Agresso Web skal legge inn reisene sine her.
Dokumentasjon for desse er den same som for dei andre.
4. Dersom det er naudsynt å ta ut forskot, skal budsjettansvarlege attestere og føre på kva for reise det gjeld. Forskot skal, dersom ikkje anna er avtalt, trekkast på den reiserekninga som forskotet gjeld.
5. Søkjarar som blir innkalla til intervju i samband med tilsetjingar får dekt reiseutgifter etter rimelegaste reisemåte.
6. For reisegodtgjersle må reiserekningane minst innehalde:
 - arbeidstakaren sitt fødselsnummer, namn, adresse og underskrift
 - dato for avreise og heimkomst for kvar reise
 - føremålet med reisa
 - dersom det blir kravd godtgjersle for passasjerar, skal namn gjevast opp
 - det skal opplysast om reiserute
 - kilometer totalt
 - dokumentasjon, dvs møteinnkalling, program eller liknande.
7. For diett og overnatting må reiserekningane minst innehalde:
 - arbeidstakaren sitt fødselsnummer, namn, adresse og underskrift
 - dato og klokkeslett for avreise og heimkomst for kvar reise
 - føremålet med reisa
 - ved fleire overnattingar skal dato for kvar overnatting gjevast opp
 - dokumentasjon, dvs møteinnkalling, program eller liknande.
8. I samband med politiske møter blir det brukt felles skjema for alle folkevalde.